

# ÅRSMØTE 2024 - ELDØYANE SJØSPORTSENTER

## MØTEPROTOKOLL

### **Tid og sted:**

17.03.2024 kl.18:00 på Vikahaugane Idrettspark, Auditoriet

### **Deltakere:**

Magne Bjelland  
Odd Olsen  
Vidar Olsen  
Ole Gjert Hansen  
Rolf W Langnes  
Leif Vae  
Tor Gunnar Lunde  
Tor Arne Sørli  
Dag Holger Gravdal  
Ole Martin Kleppe  
Leif Egil Helland  
Torleif Kolstø  
Alf Strand  
André Kambestad  
Einar Vik  
Bjørn Eilertsen  
Audun Silgjerd

### **1. Opning:**

Møtet vart opna av leiar Magne Bjelland.

### **2. Godkjenning av innkalling**

Innkalling ble gjort via lysing i «Sunnhordland», samt på [www.sjosportsenter.no](http://www.sjosportsenter.no). Det ble kommentert at lysing i «Sunnhordland» (papirutgåva) ikkje er særleg effektivt, Sjølv om dette er innkallinga som er vedtatt av tidlegare Årsmøte, bør det revurderast og eventuelt finne andre kanalar å innkalle.

### **3. Godkjenning av sakliste**

Sakliste vart godkjent utan merknader.

### **4. Godkjenning av frammøtte representantar**

Alle frammøtte representantar (totalt 17 stk) vart godkjent.

### **5. Val av referent**

Alf Strand ble valt til referent.

## 6. Val av dirigent og to representantar til å underteikna protokoll

Odd Olsen ble valt til dirigent.

Dag Holger Gravdal og Tor Gunnar Lunde vart valt til å underteikne protokoll.

## 7. Årsmelding 2023

Årsmelding vart sendt ut på e-post dagen før møtet, og enkelte meina at det var i seinaste laget. Styret tok dette til etterretning, forklara dette med at revisjonen ikkje var klar (Revisors beretning) før sist fredag.

Det ligg mange e-postadresser i systemet som ikkje lenger er gyldige. Det er et stort problem for oss når vi skal ut med informasjon. Til eksempel innkallingar og Årsmeldingar.

Medlemmer som ikkje har fått e-post oppfordrast til å melde frå om korrekt e-post adresse snarast på [post@sjosportsenter.no](mailto:post@sjosportsenter.no).

Magne Bjelland gjekk gjennom Årsmelding 2023 punkt for punkt, der det løypande vart gitt anledning for delegatane å kommentere eller stille avklarande spørsmål.

- Kommentar ang. opptak/Uttak: Det ble stilt spørsmål om medlemmer som ikkje har båt i hånna (dvs. «ikkje-aktive Rettigheter») må betala same pris som for eksterne. Styret bekreftar dette, og legg til at dette skyldast at «ikkje-aktive» medlemmer som ikkje bidrar med dugnad eller betalar årsavgift, ikkje forlanga rabatt som ein aktiv medlem (som utfører dugnad og betalar årsavgift).
- Kommentar ang. sikring av hånna: Porten vil bli operativ i løpet av året. Registrering av medlemmer, eksterne og samarbeidspartnere er halvvegs. Det er planlagt parkering for gjester i tilknytning til arealet like ved «Fiskerhuset»
- Kommentar ang. Dugnad 2023: Det ble utført 282 dugnadstimar i 2023. Dugnadsplikt er 4 timer pr. aktiv medlem.
- Kommentar ang. utleieareal: Det er i tillegg inngått avtale med Aker Solutions om leie av parkeringsareal frå Seilerhuset og nordover for kr. 30.000 pr. måned. I tillegg er «Fiskerhuset» utleidd for kr. 10.000,-.
- Spørsmål ang. steinmassar i Ledahopen: Disse er midlertidig plassert og planlagt brukt ifm. ny kaifront og opptaksrampe for småbåtar. Steinmassane vil bli lagt ned i front når eksisterande brygge er fjernet. Dette for at i kan gå ut med anbud på ny kaifront og opptaksramp til entreprenør (4 stykker).
- Spørsmål om skader: Det er ikkje registrert nemneverdige skader i vinter pga. uvær o.l.
- Vedtak om godgjersle for styremedlemmer. Styret bekreftar at styremedlemmene er tilgodesett med kr 10.000,- kvar som styrehonorar. Honoraret inkluderar fritaket for årsavgift (for dei som har aktiv Rettighet)

Utover dette var det ingen merknader, og årsmelding ble dermed godkjent.

## 8. Revidert rekneskap 2023

De ulike postane i revidert resultatregnskap og balanse for 2023 vart gjennomgått av Magne Bjelland, med følgende kommentarar:

- Posten «Annen driftskostnad» på kr. 811.331 i Resultatregnskapet burde vært nærare spesifisert. Taes til etterretning.
- Balanse viser utestående fordringar på kr. 431.772. Dette har bedra seg betydelig etter 31.12.2023.

Med dette ble resultatregnskap og balanse for 2023 godkjent.

## 9. Behandling av innkomne forslag

**Forslag 1:** Styret foreslår, etter innspel frå medlemmer, å etablere en opptaksrampe for småbåtar nord-aust i ledahopen. Det er budsjettert kr. 400.000 i 2024 til dette tiltaket (fase I). Fase I skal omhandla grunforholdene i sjø og overkant sjø. Fase II (forhåpentligvis i løpet av 2025) skal omhandle anlegget over sjø (fasade kai, opptaksramp og infrastruktur)

Forslaget ble einstemmig vedtatt.

## 10. Budsjettforslag 2024

Styret presenterte en handlingsplan med budsjettforslag for 2024 med en kostnadsramme på kr. 2.720.000 og et overskot på kr. 240.000.

I budsjettet ligg det forventningar om gode inntekter på utleie av areal (kr. 1.500.000) basert på inngåtte avtaler.

Styret bekreftar at arbeid med ny kaifront og opptaksrampe i Ledahopen vil bli lagt ut på anbod (minst 4 entreprenørar)

Budsjett og handlingsplan ble einstemmig vedtatt av årsmøtet.

## 11. Val

Valkomiteens innstilling for 2024 var som følger:

Leder:	Magne Bjelland	Ikkje på val
Nestleiar:	Odd Olsen	Attvalt
Styremedlem:	Ole Gjert Hansen	Ikkje på val
Styremedlem:	Alf Strand	Attvalt
Styremedlem:	Vidar Olsen	Ikkje på val
Styremedlem:	Rolf W. Langnes	Attvalt
Varamedlem:	Kjartan Grasdahl	Ikkje på val
Varamedlem:	Leif Vae	Ikkje på val

Valkomiteens innstilling vart einstemmig vedtatt av årsmøtet. Nytt styre tiltrer umiddelbart.

Sittande valkomité vart einstemmig gjevvalt og konstituerer seg sjølv. Denne består av:

Christian Andre Balchen (leder)  
Bjørn Eilertsen  
Tor Gunnar Lunde  
Tor Magne Gangdal

Årsmøtet vart med dette avslutta.


Stord 20.03.2024

Referent:



Alf Strand

Godkjent:

  
Dag Holger Gravdal  
Tor Gunnar Lunde